



Norddal kommune
- ein verdsarvkommune



HANDLINGS- PLAN MOT MOBBING OG KRENKJANDE HANDLINGAR

I BARNEHAGANE I NORDDAL KOMMUNE



Innleiing:

Med bakgrunn i ”Manifest mot mobbing” som er ei nasjonal satsing mot mobbing og utestenging i skule og barnehage, ønskjer kommunen å utarbeide ein handlingsplan for å motvirke mobbing, rasisme og mistrivsel i barnehagen. Målet er at alle barn skal ha eit godt og inkluderande oppvekst – og læringsmiljø med nulltoleranse for mobbing.

Regjeringa, Kommunenes Sentralforbund, Foreldreutvalet for Grunnskulen, Utdanningsforbundet og Barneombodet har i samarbeid utarbeida manifestet.

Barnehagane har i fleire år arbeida målretta for å utvikle og støtte utviklinga av barna sin sosiale kompetanse. Eit av verktøya som har vore nytta i dette arbeidet er Kari Lamer sitt pedagogiske opplegg ”Steg for steg.”

Sosial kompetanse handlar om å lykkes i å omgås andre på ein god måte for alle partar. Det handlar om å lykkast i lek, i eit større fellesskap og i etablering av vennskap.

I eit godt psykososialt miljø der den vaksne har gode relasjonar til det einskilde barn, ser og lyttar til og innehar ei anerkjennande haldning til barnet, legg ein grobotn for eit miljø det er trygt og utviklande å vere i.

Målet med denne planen er å synleggjere korleis barnehagane arbeider førebyggjande mot mobbing og utestenging i barnehagen, samstundes som den skal vere eit verktøy til hjelp om mobbing, utestenging og trakassering vert avdekt.

Kva er mobbing:

Mobbing er når ein person gjentekne gongar over ei viss tid vert utsett for negative handlingar frå ein eller fleire personar. Det er ein viss ubalanse i styrkeforhaldet. Den som blir utsett for dei negative handlingane har problem med å forsvare seg, og er ofte hjelpelause overfor den eller dei som plagar.

Dan Olweus

Fysisk mobbing:

Denne mobbinga er oftast lettest å oppdage. Ein kan til dømes sjå teikn på sundrivne klede og blåmerke. Denne form for mobbing er vanligast blant dei yngste barna (barnehage/ barneskule). Denne form for mobbing skjer ofte ved at eit barn vert angrepet med slag, dytt, spark, klyping osv. Ofte skjer den fysiske mobbinga ved at den som utfører handlinga ”tilfeldig” kjem borti offeret.

Psykisk mobbing:

Den vanligaste forma for mobbing er den stille mobbinga. Denne mobbinga er ofte vanskeligast å oppdage fordi den skjer i det skjulte. Denne type mobbing kan også skje opent med tildømes sukkling, kviskring, grimasar, ekskludering eller at ein vert ”betrakta som luft”.

Verbal mobbing:

Denne type mobbing kan vere lettare å oppdage enn den psykiske, men ikkje alltid. Ekle ting kan seiast i det stille, gjerne bak den vaksne sin rygg. Barna kviskrar om vedkomande, spreier rykte og får andre med seg på sitt parti. Offeret vert håna, trua og tiltalt på ein nedlatande og ubehageleg måte.

Kva kjenneteiknar mobbaren?

Eit framtrédande teikn på mobbaren er aggressivitet mot kameratar, men også overfor vaksne og foreldre. Dei er ofte styrt av impulsivitet og sterke behov for å dominere andre. Mobbarane ser ut til å ha lite medfølelse med offeret for mobbinga. Mange mobbarar er flinke til å få nokon av sine ”medhjelparar” til å utføre sjølve mobbinga, medan ein sjølv held seg i bakgrunnen. Gutar mobbar oftare enn jenter, men den mobbinga som jenter utfører er ofte vanskelegare å oppdage. (Olweus, 1992).

Kva kjenneteiknar dei som vert mobba?

Forskning gir eit relativt eintydig bilete av det typiske mobbeofferet. Dette biletet ser stort sett ut til å vere gjeldande for både jenter og gutar. Det typiske mobbeofferet er meir engstelege og usikre enn andre barn. Dei er ofte forsiktige, stillferdige og følsame. Når dei vert angripne av andre barn reagerer dei vanlegvis med gråt og tilbaketrekking. Sjølvfølelsen deira er ofte negativ, og dei opplever seg sjølv som lite attraktive, skamfulle, dumme og misslykka. Denne type mobbeoffer vert omtala som det passive mobbeoffer.

Det provoserande mobbeoffer er mindre vanleg. Dei kjenneteiknast ofte som ukonsentrerte og generelt urolege, og det oppstår lett irritasjon og spenning rundt dei. Deira oppfarande temperament er ofte årsaka til at dei kjem i konflikt med andre barn. (Olweus, 1992.)

Førebyggande tiltak har som mål:

- Å styrkje barnet si sjølvhevdning
- Å utvikle barna si evne til empati og klare å sette seg inn i andre sin situasjon
- Skape respekt og tryggleik
- Styrke barna sin generelle sosiale kompetanse i samspel med andre barn

Førebyggande tiltak i barnehagen:

- Ha fokus på læringsmiljøet og det psykososiale miljøet i barnehagen
- Utarbeide få men tydelege reglar for korleis ein skal vere mot kvarandre i barnehagen
- Reglane skal vere positivt formulert, der åtferda i reglane skal vere observerbar
- Nok tid og rom for leik
- Fokus på relasjonsbygging mellom barn-barn og barn-vaksen
- Barna skal bli tekne på alvor og få påverke kvardagen sin i barnehagen
- Aktive og tydelege vaksne som set klare og forståelege grenser og grip inn når det er naudsynt
- Systematisk arbeid med verktøy som til dømes ”Steg for steg”
- Observasjon av barna sitt samspel, spesielt i leik
- Ein tydeleg vaksen som ser alle barna
- Enkle og forståelege reglar

Den vaksne sitt ansvar:

- Eit godt samarbeid med open og tillitsfull dialog mellom heim- og barnehage
- Ha tema om mobbing på foreldremøte og informere om mobbeplanen
- Ha fokus på korleis ein omtalar andre barn og vaksne. Vi er alle rollemodellar!
- Gi ros til både vaksne og barn!
- Vere tilstades i barna sin kvardag: i leik, i samtalar og som lyttande part

I heimen:

- Ta kontakt med barnehagen om barnet gir uttrykk for at det ikkje har det bra i barnehagen
- Ta del på foreldremøte, foreldresamtalar og andre sosiale møteplassar i regi av barnehagen
- Samtal med barna om korleis dei har det i kvardagen
- Ha fokus på korleis ein omtalar andre barn og vaksne i heimen

Korleis oppdage mobbing i barnehagen:

- Gjennom observasjon og deltaking i barnas leik og samspel
- Aktive og engasjerte vaksen
- Tilbakemelding frå andre barn
- Endring i barna sin trivsel og åtferd: inneslutta, trøtt, sint, aggressiv, rastlaus, uroleg, utfordringar i forhold til mat og søvn, gret meir enn før, trekker seg tilbake
- Tilbakemelding frå barna sin heim
- Daglege samtalar med kvart enkelt barn

Tiltak om mobbing vert avdekt:

- Varsle styrar
- Ta opp bekymringa på avdelingsmøte snarast
- Kartlegg/observer korleis barna er mot kvarandre elles på avdelinga. Er det ein fin tone/ atmosfære? Er barna inkluderande og greie mot kvarandre?
- Samtal med foreldre til den som blir mobba
- Samtal med foreldre til den som mobbar
- Skrive ein tiltaksplan
- Oppfølgingssamtalar med foreldre
- Samtaler med den som er mobba
- Samtaler med den/ dei som mobbar

Sjekkliste om dei vaksne sitt forhold til barna:

- Er dei vaksne anerkjennande og støttande overfor barna sine eigne initiativ, eller meir prega av å gi beskjedar, formidle eigne tankar og å kontrollere at barna følgjer reglane som er sett?
- Blir alle barna lagt merke til, eller er det nokon som alltid blir sett og høyrte medan andre gjerne blir oversett?
- Er det slik at nokre barn stadig får positiv merksemd, medan andre ofte er gjenstand for negativ merksemd? Med andre ord: Ser ein lett berre det positive ved enkelte barn og hovudsakeleg det negative ved andre?
- Er det etablert eit mønster i at det er lettare å tru på bestemte barn sine forklaringar på konflikhtar og hendingar enn på andre sine?

*”Vurdering inneber
sjølvrefleksjon, og er ein
føresetnad for
målretta endring”*

- Er det slik at alle dei vaksne tek initiativ til å snakke med og finne på ting med alle barna, eller er det dei same barna ein helst pratar med, og dei same ein helst ikkje spontant tek kontakt med?
- Har ein større tolmod med og evne til å følgje opp enkelte barn, medan andre raskare blir avbrotne?
- Har dei vaksne bevisst forhold til forskjellen på humor og ironi?

Sjekkliste om miljøet i barnehagen:

- Er miljøet prega av gjensidig omsorg og varme, eller er det prega av mykje erting og kritiske kommentarar til og om kvarandre?
- Er miljøet i hovudsak inkluderande, eller er det prega av ekskludering av enkeltbarn?
- Er samspelet barna imellom prega av klare sosiale hierarki eller av likeverd og veksling av kven som bestemmer og kven som til ei kvar tid får vere med?
- Er det ein trygg og avslappa tone prega av humor, spontanitet, oppmuntring og glede over kvarandre si meistring, eller er miljøet meir prega av prestasjonskrav og konkurrerande haldningar til kvarandre?

Vedlegg 1

Tiltak når mobbing/krenkjande handlingar skjer:

- det skal skrivast referat frå alle møte

| Tiltak | Ansvar | Gjennomført Signatur/ dato |
|--|----------------------------|----------------------------------|
| 1. Den som oppdagar mobbing informerer dei andre tilsette. Saka vert drøfta på avdelingsmøte. Finn ut kva som har skjedd. Kva har den vaksne gjort? Kva har barna/barnet gjort? Tiltak vidare. | Alle tilsette på avdelinga | |
| 2. Snakk med barna om det som har skjedd. Be om innspel frå barna om korleis ein kan løyse saka. Samanfatt barna sine forslag med det tilsette har kome fram til. | Alle tilsette på avdelinga | |
| 3. Foreldra til den/ dei som blir mobba/utestengt og den/dei som mobbar vert informert og tatt med på råd. | Pedagogisk leiar | |
| 4. Møte med føresette og tiltak vert sett i verk. Skrive referat frå møte | Pedagogisk leiar | |
| 5. Evaluering av korleis det går etter ein til to månader. Samtale med barna. | Pedagogisk leiar | |
| 6. Informasjon eller samtale med foreldre etter behov. Jamleg kontakt. | Pedagogisk leiar | |
| 7. Eventuelt vidare tiltak | Pedagogisk leiar | |
| 8. Oppfølgingssamtale Evaluering etter ½ år | Pedagogisk leiar | |

Vedlegg 2

Skjema for møte i samband med mobbing i barnehagen:

Skjemaet skal ligge i barnet si mappe (med kopi til føresette)

Dato for møtet:

Desse møtte:

| Saka gjeld: | Dette skal ein arbeide med vidare |
|--------------------|--|
| | |

Dato for oppfølgingsmøte:

Pedagogisk leiar: _____

Fagarbeidar/ assistent: _____

Foreldre/ føresatt: _____

